

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Gloppen hotell, Sandane
Dato: 11.11.2019
Tidspunkt: 10:00-12:30

Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Gunn Karin Sande	Medlem	
Hege Lothe	Leiar	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Strømmen	NESTL	

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 14/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 15/19	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 6/19	Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker 3/2019		2019/10793
RS 7/19	Ålfotbreen landskapsvernområde - Status på tiltak i 2019		2019/4056
ST 16/19	Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om tilbygg på hytte ved Grøndalsstøylen		2019/8753
ST 17/19	Ålfotbreen verneområdestyre - Bestilling av tiltaksmidler for 2020		2019/4056
ST 18/19	Eventuelt		

ST 14/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.11.2019

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak ST 14/19

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 15/19 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.11.2019

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Vedtak ST 15/19

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert.

Arkivsaksnr: 2019/10793-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 04.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/19	11.11.2019

Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker 3/2019

- Motorferdselsaker sidan sist:
 - Norsk institutt for vassforskning, helikopter i samband med vassprøver i Skjerdalen
 - Flora turlag, transport til Blåbrebu og Gjegnabu
 - Sogn og Fjordane Energi, rydde opp etter nedriven hytte ved Ålfotbreen
 - Terje Johansen, transport av material til hytta ved Grøndalsstøylen

- Føredrag for reiselivsstudentar frå Høgskulen i Vestland
25.september hadde vi besøk av 13 studentar og ein førelesar frå HVL i Sogndal. Vi fekk låne eit lite auditorium i Trivselshallen og holdt eit føredrag for dei om Ålfotbreen LVO og potensialet for reiselivsverksemd der.
Vi fekk mange gode innspel frå studentane som ser oss og området utanifrå og som potensielle kundar/brukarar.
- Mast ved Kvanbotn
Turfolk frå Midtre Nordfjord turlag oppdaga ei gammal mast som står på fjellet over Kvanbotn/Skilbreivatnet i Gloppen. Masta bar preg av å ikkje vere vedlikeholdt på ei stund. I tillegg låg der gamle batteri ved sidan av.
Det viste seg å vere Statnett si mast, som dei sette opp i samband med traseval for 420kV-linja Fardal-Ørskog. Masta er ikkje i bruk lenger og Statnett har sagt dei skal fjerne den.
- Møte i Rådgevande utval
Rådgevande utval for Ålfotbreen LVO hadde møte den 18.okt på Kleppenes gard ved Hyefjorden. Det var første møte etter at nytt utval vart oppnemnt av styret.
Det var eig godt møte med konstruktive representantar og gode innspel. Referat ligg vedlagt til sakspapira.

Arkivsaksnr: 2019/4056-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 04.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	7/19	11.11.2019

Ålfotbreen landskapsvernområde - Status på tiltak i 2019

Dette er status på kva som er gjort, kva som er planlagt gjennomført og kor mykje av tiltaksmidlane som er brukt per 1.november 2019.

- Hope-Lavesteinen.
Her har Bygdeservice gjort seg ferdig med det som var planlagt av tiltak på denne stien, i alle fall i denne omgang. Dei blaute partia av stien er enten utbetra ved grøfting og graving, eller ved at vi har lagt om stien. Bygdeservice ved Egil og Kurt har gjort ein kjempejobb med det som i stor grad har vore tungt fysisk arbeid med handemakt i krevjande terreng og skiftande ver.
Vi har brukt 123.750 kr av årets tiltaksmidlar. Det er ein god del mindre enn budsjettert. Verneområdeforvaltar og naturoppsyn meiner at utbetringa av denne stien og

tilstanden på den no er høveleg ut i frå behovet og den bruken denne stien har.

- Informasjonsskilt
Skilta er produsert og levert med plakat, og dei er klar til å sette opp. Vi ventar på ei endeleg avklaring frå Statens Vegvesen om nøyaktig plassering ut i frå våre ønsjer, og om der er særskilde omsyn vi må ta under oppsetting.
Tiltaket er gjort i fellesskap med Naustdal-Gjengedal, og Ålfotbreen sin del av kostnaden til no er på 142.355 kr. Det vil kome noko meir kostnadar til oppsettinga.
- Stige ved Blåbrebu og bru ved Støylsvatnet
Her er to mindre tiltak som har blitt «slått saman» av praktiske årsaker. Stigen ved Blåbrebu har vore på blokka lenge og er no heilt ferdig. Brua har dukka opp i løpet av året, men har blitt jobba med når vi først hadde arbeidsfolk og helikopter i området. Arbeidet med tiltaka har blitt ein del meir omfattande enn forventa, av ulike årsaker. Vi har gjort oss nokre erfaringar der som vi tek med oss vidare.
Brua kjem vi sikkert til å jobbe litt meir med, der er framleis behov for nokre mindre utbetringar.
Total kostnad i 2019 er på 104.125 kr.
- Det har ikkje blitt gjort noko i Førdedalen, i alle fall ikkje som vert belasta tiltaksmidlane.

Totalt har vi per 11. november brukt om lag 430.000 av dei tildelte tiltaksmidlane på 600.000. Det er meldt inn 100.000 som ubrukte restmidlar.

Arkivsaksnr: 2019/8753-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 04.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	16/19	11.11.2019

Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om tilbygg på hytte ved Grøndalsstøylen

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.11.2019

Vedtak ST 16/19

Ålfotbreen landskapsvernområde gjev Edvard Johansen løyve til å utvide hytta ved Grøndalsstøylen med 15 m² i tråd med innsendte skisser til søknaden. Tilbygget skal ikkje vere

lenger enn 3,1 m og ikkje breiare enn hytta si breidde på 5,88m. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.a).

Vilkår for løyvet (felles for begge alternativa):

- Tilbygget skal ha same materialval og farge som resten av hytta.
- Byggearbeidet skal vere ferdig innan utgongen av 2021.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter arbeidet. Alt av avfall skal ryddast opp og transporterast ut av området. Reint treverk kan brennast eller nyttast som ved.
- Når arbeidet er ferdig skal det vere sluttsynfaring med verneområdeforvaltar og Statens naturoppsyn.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for eventuelle løyver frå kommune og grunneigar, og for naudsynte løyver til motorferdsel.

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar legg fram to framlegg til vedtak i saka;

- a. Ålfotbreen landskapsvernområde gjev Edvard Johansen Løyve til å utvide hytta ved Grøndalsstøylen med 15 m² i tråd med innsendte skisser til søknaden. Tilbygget skal ikkje vere lenger enn 3,1 m og ikkje breiare enn hytta si breidde på 5,88m. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.a).**
- b. Ålfotbreen landskapsvernområde gjev Edvard Johansen Løyve til å utvide hytta ved Grøndalsstøylen med 18 m². Tilbygget skal ikkje vere lenger enn 3,6 m og ikkje breiare enn hytta si breidde på 5,88m. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.a).**

Vilkår for løyvet (felles for begge alternativa):

- Tilbygget skal ha same materialval og farge som resten av hytta.
- Byggearbeidet skal vere ferdig innan utgongen av 2021.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter arbeidet. Alt av avfall skal ryddast opp og transporterast ut av området. Reint treverk kan brennast eller nyttast som ved.
- Når arbeidet er ferdig skal sluttresultatet dokumenterast med foto og ein kort rapport som vert sendt til verneområdeforvaltar.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for eventuelle løyver frå kommune og grunneigar, og for naudsynte løyver til motorferdsel.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Ny søknad om tilbygg på hytte på Grøndalsstøylen (01.11.2019)
- Opphavelig søknad om tilbygg (08.04.2019)
- Avslag på søknad om utviding (07.06.2019)
- Fråsegn frå nærings- og kulturavdelinga til fylkeskommunen
- Verneforskrift for Ålfotbreen LVO
- Forvaltningsplan for Ålfotbreen LVO

Søknaden

Edvard Johansen søker om å få utvide hytta på Grøndalsstøylen i Flora kommune, som ligg inne i Ålfotbreen landskapsvernområde. Han har tidlegare søkt om å bygge på hytta, men søknaden vart avslått fordi utvidinga var større enn det forvaltningsplanen opnar for.

Hytta er i dag på 51 m² BYA (bebygd areal). Vedlagt søknaden ligg skisse for utviding av hytta frå 51 til 66 m². Skissa er tilpassa retningslinjene i forvaltningsplanen som seier at utviding kan akseptrast opp til 30 % auke av BYA.

Aller helst vil Johansen bygge på hytta med 3,6 m i lengderetningen. Dette fordi hytta er ei Ålhytte som er bygd av modular, og det vil passe best med desse modulane. Det vil i so fall bety utviding til 69 m², som er 36 % auke av areal.

Johansen søker altså primært om å bygge på hytta med 18 m² til 69 m² (36 %), sekundært om å bygge på med 15 m² til 66 m² (30 %).

Elles er søknaden lik den første som kom tidlegare i år.

Regelverk

Inngrep er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde.

Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til enkelte typar inngrep. Mellom anna gjeld dette utviding og ombygging av eksisterande bygningar slik som det er søkt om her. Det står i verneforskrifta § 3, pkt. 1.3 a):

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) ombygging og utviding av eksisterande bygningar

[...]

Verneområdestyret kan altså handsame saka etter heimel i verneforskrifta.

Søkjær er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommune og eventuelt grunneigar. Eventuell motorferdsel i samband med byggearbeid må og søkjast om.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Denne saka vil i stor grad bygge på dei same vurderingane som i den førre søknaden, som vart handsama av styret 29. mai i år. Vurderingane kring behov for utviding, byggeskikk med meir er dei same. Det som styret må vurdere i denne omgangen, er kor stor utviding ein skal akseptere, jamfør det som står i forvaltningsplanen.

Sidan den førre søknaden har vi fått målt opp hytta og berekna eksisterande BYA meir nøyaktig. I BYA skal overbygd terrasse vere med. I tillegg er der per i dag ei lita bod på baksida av hytta som er ikkje gjekk fram av dei første skissene, men som likevel skal vere med i dagens BYA. Oppdatert oppmåling syner då at hytta per i dag er 51 m² og ikkje 43 m² som vart lagt til grunn i den første søknaden. Det får sjølv sagt litt å bety for kor mykje 30 % utviding faktisk utgjer.

Skissene som er sendt inn er som sagt tilpassa retningslinjene i forvaltningsplanen. Det er der lagt opp til ei utviding med 15 m², som utgjør 30 % auke i areal. Hytta vert då 66 m². Det er rett nok ei stor hytte til å vere i utmark, men sidan her ikkje er andre hyttar kan ein ikkje sei at det bryt med lokal byggeskikk. Eg ser derfor ikkje at ei slik utviding vil vere i strid med verneføremål- eller verdier.

Av praktiske omsyn ynskjer Johansen aller helst å utvide hytta med 18 m², til 69 m². auke i areal vil då verte på 36 %, som er noko meir enn retningslinjene i forvaltningsplanen seier. Det som står i planen er nettopp retningslinjer. Dei er ikkje juridisk bindande og ikkje nødvendigvis absolutte grenser. Om ein skal godta 36 % auke i areal er ei skjønsmessig vurdering som styret må gjere.

Fråsegn om byggeskikk og forvaltar si vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova er henta frå saksutgreiinga til den første søknaden:

Nærings- og kulturavdelinga hjå fylkeskommunen er faginstans innan byggeskikk og bygningsmiljø. Dei har fått søknaden tilsendt for uttale. Dei skriv at det er vanskeleg å sei noko om byggeskikk på Grøndalsstøylen, sidan det ikkje er andre bygningar å referere til enn denne hytta. Fylkeskommunen peikar likevel på at hytta vil verte forholdsvis lang samanlikna med det som er vanleg på støylar. Vidare skriv dei at eit noko mindre tilbygg enn det som er søkt om vil harmonere meir, utan at det vil gå vesentleg ut over funksjonane.

Hytta ligg i eit område som er merka av i Naturbase som ein naturtypelokalitet med verdi Viktig (ID: BN00003341, Støylsvatnet). Lokaliteten er ei stor elveøyr med artsrik flommarkskog. Det er ikkje venta at ei eventuell utviding av hytta vil verke nemneverdig inn på lokaliteten. Verneområde-forvaltar har vore på synfaring i området, og kunnskapsgrunnlaget er godt, jamfør nml § 8.

Dette er den fyrste byggesaka som Ålfotbreen verneområdestyre har handsama sidan Ålfotbreen LVO kom under lokal forvaltning og fyrste verneområdestyret vart konstituert. Saka er derfor prinsipiell. No er det særst få bygningar inne i Ålfotbreen LVO, so det er ikkje å vente at det skal kome mange slike saker i framtida. Saka er likevel prinsipiell og vil gje eit viktig signal om korleis verneområdestyret tolkar og brukar sin eigen forvaltningsplan. Saka skapar soleis ein viss presedens, sjølv om det er få bygningar og dermed få potensielle liknande saker i verneområdet. Den samla belastninga (jamfør nml §10) av akkurat denne saka er nok innanfor det som er akseptabelt, men styret må diskutere om ei so liberal haldning til retningslinjene i forvaltningsplanen er akseptabelt i lengda.

Naturmangfaldlova §§ 9, 11 og 12 er ikkje aktuelle i denne saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	17/19	11.11.2019

Ålfotbreen verneområdestyre - Bestilling av tiltaksmidlar for 2020

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.11.2019

Vedtak

Ålfotbreen verneområdestyre har sett opp følgjande bestilling av tiltaksmidlar for 2020:

	Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
1	Gruse veg i Hope	Gruse opp vegen som går opp til parkeringsplassen på Nakkane i den prioriterte innfallsporten Hope.	Tiltaket skulle ferdigstillast i 2019, men fekk ikkje midlar. Eit viktig tiltak for innfallsporten Hope og for å sikre god tilgang til parkeringsplassen som forvaltninga tidlegare har finansiert. Viktig å fullføre påbegynte tiltak.	40000	Tiltaksplan, besøksstrategi
2	Skilte og merke ruta til Lavesteinen	Sette opp nye turskilt og merke den nye ruta frå skogsvegen i Hope oppover mot Lavesteinen.	Heilt naudsynt å skilte og merke skikkege den delen av stien som vi har lagt om. Dette er den viktigaste ruta til Gjegnabu og Gjegenen, og er prioritert i besøksstrategi.	10000	Besøksstrategi
3	Stien frå Metteneset til Gullsmedhytta	Rydde og merke stien som går frå Mettenes og oppover mot Gullsmedhytta og Skjeringane	No er hamna i Metteneset på plass, der vi har investert i ein plass for ålmenta. Då må vi følge opp med å rydde og merke stien som går frå Mettenes og oppover i fjellet.	20000	Tiltaksplan, besøksstrategi.

4	Foto av landskapsvern-området	Leige inn profesjonell fotograf for å ta gode bilete av landskapet og formasjonane i LVO, som kan nyttast i informasjonsmateriell, på sosiale media og stå til disposisjon for destinasjonsselskap	Få gode bilete som syner det unike landskapet, særleg hylleformasjonane. Gjere området og dei kvalitetane som ligg i landskapsformene, meir kjent.	30000	Besøksstrategi
5	Kart	Bruke kartgrunnlag og tekst som er laga til informasjonsskilta, og bruke dei til enkle, trykte kart som kan delast ut i resepsjonar, turistinformasjon med meir.	Gjere området og moglegheitene der meir kjent, jamfør målsetning i besøksstrategien	50000	Besøksstrategi
6	Stien frå Grøndalen til Blåbrebu	Her er det snakk om fleire mindre tiltak på den merka ruta som går til Blåbrebu: a. fysisk utbetring av nokre punkt på sjølve stitraséen langs Støylsvatnet. b. Nytt dekke med meir på brua som går over elva nord for Støylsvatnet. c. Mindre, punktvisse tryggingstiltak på stien som går vidare oppover mot Blåbrebu. Tiltaka skal skje i samarbeid med Flora turlag.	Grøndalen er ein av fire prioriterte innfallsportar til verneområdet. Vi har og mål i besøksstrategien at dei merka rutene skal vere trygge å ferdast langs og at det skal vere god kvalitet på den eksisterande infrastrukturen.	70000	Tiltaksplan, besøksstrategi
7	Infoskilt	Sette opp 2 nye "sett" med informasjonsskilt og portalskilt.	Halde fram med produksjon og oppsetting av skilt etter same mal som i 2019, i tråd med tiltak i besøksstrategien.	200000	Besøksstrategi
8	Bru ved Skarvevatnet/ Gullsmehytta	Sette opp ny bru over elva/fossen ved utlaupet frå Skarvevatnet.	Her var det ei bru, men den er no vekke. Behov for ei litt meir skikkeleg og haldbar bru for å sikre trygg ferdsel. Særleg aktuelt no når vi har lagt til rette for tilkomst i Metteneset og skal utbetre stien frå Mettenes og oppover.	40000	Tiltaksplan
9	Sti Førdedalen	Utbetre stien frå enden av skogsvegen mot hylle 7	Viktig rute for turar i den nordvestlege delen av verneområdet. Behov for mindre tiltak og eventuelt legge om stien noko.	40000	Tiltaksplan, besøksstrategi

10	Tilrettelegging Førdedalen	Legge til rette for lågterskel ferdsel, telting, rasting. Benkar, toalett, avfallshandtering, bål plass. Må skje i samarbeid med grunneigarane i Førdedalen.	Førdedalen er prioritert innfallsport i besøksstrategien, som lågterskel innfallsport for familiar og turistar	100000	Besøksstrategi
11	Fjerning av gran	Kartlegge førekomstar av gran i verneområdet. Fjerne førekomstar som vert oppdaga. Etterkontroll med tidlegare uttak av gran.	Det er eit mål at verneområdet skal vere fritt for gran. Nokre område kor det har vore tatt ut gran treng oppfølging. Uvisst om der er gran i Skjerdalen	100000	Tiltaksplan

Totalt er det bestilt kr 700.000 i tiltaksmidlar til Ålfotbreen LVO i 2020

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret må sette opp og prioritere tiltak for bestillingsdialogen for 2020. I bestillingsdialogen kan det setjast opp tiltak som gjeld skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid. Tiltaka skal bidra til å sikre eller fremje verneverdiane og andre naturverdiar i og rundt verneområdet. Tiltaka skal ha unik prioritering.

Alle tiltak skal vere forankra i planverk. Det kan vere forvaltningsplan, besøksstrategi, skjøtelsesplan eller tiltaksplan.

Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
Tilrettelegging Førdedalen	Legge til rette for lågterskel ferdsel, telting, rasting. Benkar, toalett, avfallshandtering, bålplass	Førdedalen er prioritert innfallsport i besøksstrategien, som lågterskel innfallsport for familiar og turistar	150000	Besøksstrategi
Fjerning av gran	Kartlegge og fjerne førekomstar av gran i verneområdet	Det er eit mål at verneområdet skal vere fritt for gran. Nokre område kor det har vore tatt ut gran treng oppfølging. Uvisst om der er gran i Skjerdalen	?	Tiltaksplan
Grus Hope	Gruse vegen opp til parkeringsplassen på Nakkane	Skulle gjerast i 2019 men fekk ikkje midlar. Viktig tiltak.	40000	Tiltaksplan, besøksstrategi
Sti Førdedalen	Utbetre stien frå enden av skogsvegen mot hylle 7	Viktig rute for turar i den nordvestlege delen av verneområdet. Behov for mindre tiltak og eventuelt legge om stien noko.	40000	Tiltaksplan, besøksstrategi
Infoskilt	Sette opp fleire informasjonsskilt og portalskilt	Halde fram med produksjon og oppsetting av skilt etter same mal som i 2019	150000	Besøksstrategi
Brosjyre om geologi	Trykke ei brosjyre som fortel om geologi og landskap i Hornelenbassenget			Tiltaksplan
Turskilt	Sette opp turskilt ved dei merka rutene i og rundt verneområdet	Viktig med god kvalitet og oppdatert informasjon i skilting av dei merka rutene, jamfør besøksstrategien.	20000	Tiltaksplan, besøksstrategi
Sti til Blåbrebu	Utbetring av bru ved Støylsvatnet og mindre tryggingstiltak lenger oppe på stien.	Det er gjort ein del med denne brua, men behov for meir. Sikre trygg ferdsel. Behov for nokre mindre sikringstiltak for å gjere det litt tryggare og enklare å gå stien til Blåbrebu.	50000	Tiltaksplan, besøksstrategi

Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
Stien langs Støylsvatnet	Utbetring av stien langs Støylsvatnet	Flora turlag har meldt inn behov for å gjere nokre utbetringar på stien som går langs Støylsvatnet.	20000	Tiltaksplan, besøksstrategi
Skilte og merke ruta til Lavesteinen	Sette opp skilt og merke den nye ruta frå skogsvegen i Hope oppover mot Lavesteinen	Heilt naudsynt å skilte og merke skikkege den delen av stien som vi har lagt om.	10000	Besøksstrategi
Stien frå Metteneset til Gullsmehytta	Rydde og merke stien som går frå Mettenes og oppover mot Gullsmehytta og Skjeringane	No er hamna i Metteneset på plass, der vi har investert i ein plass for ålmenta. Då må vi følge opp med å rydde og merke stien som går frå Mettenes og oppover i fjellet.	20000	Tiltaksplan
Bru ved Skarvevatnet/ Gullsmehytta	Sette opp ny bru over elva/fossen ved utlaupet frå Skarvevatnet.	Her var det ei bru, men den er no vekke. Behov for ei litt meir skikkeleg og haldbar bru for å sikre trygg ferdsel.	40000	Tiltaksplan

Vurderingar:

- Skal ein ha med alle dei tiltaka som står der? Er det tiltak som ikkje fell inn under postføremålet eller som ikkje er forvaltninga sitt ansvar/arbeidsområde?
- Er det tiltak som manglar på lista?
- Er kostnadssummane realistiske? (kan justere opp eller ned)
- Verneområdestyret må gjere ei unik prioritering av tiltaka

ST 18/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.11.2019

Ingen saker